

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 01. september 2022

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- AUKA ØKONOMISKE RÅMER FOR UTBYGGING AV TEKNISK INFRASTRUKTUR ORTNESET VEST BUSTADFELT
- GODKJENNING AV INTENSJONSAVTALE – KONSOLIDERING MELLOM STIFTELSEN BYMUSEET OG GULATINGET
- SAMFUNNSPLAN GULEN KOMMUNE 2022-2034 – GJENNOMGANG AV POLITISKE INNSPEL
- SUPPLERINGSVAL AV MØTEFULLMEKTIGAR FOR FORLIKSRADET I PERIODEN 2021 – 2024
- GODKJENNING AV MØTEBOK

### Stad og tid

Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl.10:00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på nettsida til Gulen kommune: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) Nye saker kan kome til.

Møtet er ope for publikum. Møtet kan også følgast digitalt. Følg med på kommunen si heimeside for utlagt link til møtet. Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

**Bua Gulen** ved Dalsøyra Samfunnshus har ope torsdag 17.00-18.30.

Gå inn på [www.bua.io](http://www.bua.io) og registrer deg som brukar. Er du under 18 år må ein føresett registrere deg som medlånar.

Sjå kva vi har: Søk på Bua Gulen Utlånsordningar og klikk på finn utstyr.

Ta kontakt på mobil 90 10 41 39 om det er spørsmål.



## Arbeidet med ny samfunnsplan: *Kva seier innbyggjarane?*

I arbeidet med ny samfunnsplan er det henta inn informasjon frå dei ulike aldersgruppene i kommunen. Metodane vi har nytta for å innhente innspela, er tilpassa innbyggjargruppene. Vi har primært brukt møteaktivitet, invitasjon til politiske møte og digitale undersøkingar. Ein fellesnemnar for alle aldersgruppene er ynskje om fleire inkluderande formelle og uformelle møtestadar. - Og det får vi til når alle innbyggjarane engasjerer seg i målet om å auke-, og gjere betre kjent dei eksisterande tilbod om møtestadar vi har.

Innbyggjarundersøkinga for dei yngre (18 – 29 år) trekkjer fram at gode bualternativ og gode oppvekstvilkår er viktig for at dei skal fortsetje å bu i kommunen. På spørsmål om årsak til at ein eventuelt ikkje ser for seg ei framtid i Gulen, så blir desse grunnane nemnt oftast; fleire alternative fritidstilbod, at det er mogleg å få eit eigna arbeid etter endt utdanning og moglegheit til å kunne bygge hus der ein ynskjer å bu.

Ein tredjedel av dei som har svart på spørjeundersøkinga melder at dei kunne tenkje seg å vere initiativtakar for aktivitetar i lag med andre. Det er altså eit stort potensiale for at vi saman skapar eit breiare aktivitetstilbod i kommunen. To personar har til og med meldt at dei kan ta på seg ei koordinerande rolle med tanke på å få informasjonen om aktivitetar fram til målgruppa.

Dårleg kollektivtransporttilbod vert også nemnt som ei utfordring hjå denne aldersgruppa.

Innbyggjarane i aldersgruppa 30 – 64 år trekkjer fram natur og nettverk som hovudårsak til at dei har valt å bu i kommunen. Tryggleik, gode oppvekstvilkår og fridom scorar også høgt.

Når det kjem til kva denne aldersgruppa manglar i kommunen, så er fritidstilbod,

tilbod til borna og kollektivtransport gjentakande.

Mange melder at dei syns det er vanskeleg å påverke lokalsamfunnet sitt. Bakgrunnen er uklår, men det er klart at ein i framtida kan hauste godt av at innbyggjarane veit korleis dei skal spele inn idear til kommunen.



I eit perspektiv på 15 år, melder aldersgruppa at godt butilbod i alle livet sine fasar og attraktive arbeidsplassar er viktig.

Innbyggjarane i aldersgruppa 64 år og eldre har kome med gode konkrete innspel om mellom anna; tilgjengelegheit på lege, alternative butilhøve til ein bustad, tilgang på toalett i sentrum, og aktivitet og møteplassar på tvers av generasjonar. Dei ynskjer seg «Heim for ein 50-lapp», og saknar ein arena for å bli oppdatert på eksisterande tilbod; både aktivitet og skyss / transport. Det er i tillegg viktig med tiltak for å motverke einsemd.

Vi er taknemleg for alle dei engasjerte innbyggjarane i Gulen som har bidrege ved å svare på spørjeundersøkingane og delta på møta. Kvar og ein er viktig for at vi i samarbeid skal bevare og utvikle kommunen vidare. Ein attraktiv kommune for alle dei som bur her, og dei som ynskjer å busetje seg her.

Vi treng dei levande lokalsamfunna med innbyggjarar som engasjerer seg i aktivitetar og møteplassar, dei varierte og attraktive arbeidsplassane og dei trygge og gode oppvekstmiljøa. For å sikre god livskvalitet for alle, må vi utvikle oss og skape saman. Eit behov eller utfordring kan løysast gjennom gode og effektive samarbeidsprosessar.

Kommunen vil fokusere på å legge til rette slik at vi saman får til meir, og løftar lokalsamfunnet i ynskt retning.

Utkast til Samfunnsplan for Gulen kommune 2022-2034 vert handsama i kommunestyremøtet 01.09.2022.

## Klimaprojektet på nett

Klimaprojektet

«Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket» har fått eigen nettside,

[www.klimavest.no](http://www.klimavest.no) Her kan du lese nyheiter, og finne informasjon og motivasjon til klimaarbeidet på din gard.



Å gje seg i kast med nye ting, kan verke både krevjande og frustrerande. På nettsida skal bønder og andre til ei kvar tid finne klimanyheiter, møte og kurs, kontaktinformasjon til rådgjevarar og informasjon om tilskot. I tillegg vil bønder som har starta klimaarbeidd på gardane sine dele erfaringar og løysingar som andre kan ha nytte av.

Klimavest er det korte namnet for prosjektet, og det namnet som vil vert brukt på både nettsida og på Facebook etterkvart. Målsetjinga for prosjektet er å gjere bøndene i Vestland i stand til å redusere klimaavtrykket frå matproduksjonen utan at det går ut over produksjon, arealutnytting, dyrevelferd og dyrehelse.

### Jordbruket som ein del av løysinga

At klimaet er i endring merkar ein i heile landet, og kanskje særskilt på Vestlandet. Utfordrande hauste- og beitetilhøve grunna mykje og langvarig nedbør, lengre tørkeperiodar, ras og flaum som kjem oftare og sterkare enn før. Klimaet kan vere vanskeleg, og ettersom veret vert våtare og villare, får vestlandsbonden fleire ulempe.

Klimaavtalen mellom regjeringa og jordbruket byggjer på at jordbruket er ein del av løysinga. Det har landbruket i Vestland tatt tak i, og hausten 2021 vart prosjektet "Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket" starta. Dette er eit treårig prosjekt som eit samla landbruk i Vestland står bak.

Informasjon frå NGIR:

### Tid og stad for mellombels avfallsmottak hausten 2022

Prestekaia Eivindvik 17.09.2022

kl. 09.00-15.00.

Steine (ved Posten) 24.09.2022

kl. 09.00-15.00.

Brekke ferjekai 01.10.2022

kl. 09.00-15.00.

Sjå nettsida til NGIR [www.ngir.no](http://www.ngir.no) for informasjon.

## Informasjon frå Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

### Open omsorg/heimetenesta

Vi vil med dette minne om at brukarar i sona vår, som hovudregel, må nytte legetenesta for vurdering av helseutfordringar; heimesjukepleien kan ikkje bistå i uavklarte medisinske problemstillingar. Heimetenesta har heller ikkje mulighet til å transportere brukarar til ulike tenester i kommunen, som f.eks. lege eller tannlege. Då må de nytte bekjente, familie eller drosje.

### Gulen sjukeheim

Frå veke 36 skal det bytast heis på Gulen sjukeheim. Arbeidet er estimert å vare i ca 8 veker. Dette medfører store utfordringar for drifta vår i forhold til transport av brukarar og div. varer mellom etasjane. I tillegg vil det medføre støy, støv og mykje utstyr i omløp. Transport av brukarar eller besøkande, som er avhengig av heisen, må derfor foregå frå baksida av sjukeheimen, via sansehagen/dementavd. eller sansehagen/langtidsavdeling (gjennom sansehagen). Ber om forståing for at alt i denne perioden ikkje kjem til å gå heilt på skinner, men vi skal prøve å gjere det så smidig som råd.

*Nina Haveland/einingsleiar*

### Koronavaksinasjon

For informasjon om koronavaksinering, sjå heimesida til Gulen kommune [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Informasjonen på heimesida vert oppdatert når det er endringar i anbefalingar og prioriteringar i frå Folkehelseinstituttet.

## Hjortejakta 2022

### Jakttid

«Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2022 til og med 31.mars 2028», fastset jakttida på hjort frå 1. september til 23. desember.

### Mål for forvaltninga av hjort i Gulen

I «Forvaltningsplan for hjort, Gulen kommune 2019-2023», er hovudmåla å auke gjennomsnittsalder og – kondisjon på

attlevande dyr. Auke delen eldre hanndyr og halde på ein god helsetilstand.

Eit verkemiddel for å nå desse målsettingane, er å redusere hjortestammen, ta ut meir ungdyr og kalv, samtidig som ein har fokus på å spare eldre hanndyr.

Hjortestammen er så stor no at den gjer vesentleg skade for landbruket. Vestland bondelag har kome med bøn til kommunane om at ein må ta grep for å redusere hjortebestandane rundt om i kommunane. Bønder i Gulen har også uttalt at det er for mykje hjort no.

Kommunen skal i si forvaltning av hjorteviltet m.a. legge til grunn «Forskrift om forvaltning av hjortevilt». I følgje § 1 formål, skal ein ivareta produktiviteten og mangfaldet både til bestanden og leveområdet. Forvaltninga skal vere lokal og berekraftig, med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursen. Forvaltninga skal vidare sikre bestandsstorleikar som fører til at hjortevilt ikkje fører til uakseptable skader eller ulemper på andre samfunnsinteresser.

### Vårteljing

År	2012	2014	2016	2018	2020	2022
Indre Oppedal - Kringla	150	91	102	155	110	120
Takle-Brekke-Ynnesdal	98	61	150	167	115	179
Hantv.-Austg.-Botnen	124	109	135	159	145	205
Breidvik-Hjartholm	56	20	48	125	80	107
Eivindv.-Nordg.-Brosvik	98	96	186	251	219	256
Brosvik-Dingja-(Grønev.)	63	46	57	97	71	82
Leversund-Høyvik	54	30	65	92	56	68
Sæternes-Halsvik	51	41	37	71	30	67
Sandøy	46	46	49	48	31	29
Byrknesøy-Mjømna	7	4	5	5	6	5
Hisarøy	7	9	4	9	6	11
Sum talde dyr	754	553	838	1179	869	1128

Vårteljing er ingen eksakt vitenskap. Sumtalet for 2021 er 1235 sette dyr. Dei 2 siste åra har ein sett vesentleg meir dyr enn det som vart sett i 2012.

## Løyver

Ser ein Gulen kommune under eit, har det vore ein veldig auke i hjortestammen. Dette kjem til uttrykk ved stadig høgare tildelingar og ein høg fellingsprosent. Framlegget frå Gulen og Masfjorden bestandsplanområde (GMbpo) på ny tildeling var 1322 løyver for medlemsvalda. Dette er ein auke på 236 løyver, då tildelinga i 2021 var 1086 løyver. Dette meinte Utval for Plan, utvikling og klima, var for liten auke for å snu utviklinga av hjortestammen. Utvalet gjekk då for ei tildeling på 2000 løyver for Gulen kommune og 7 vald i Masfjorden. Det vart då 1813 løyver til medlemsvalda i GMbpo. Sak 034/22. Planen til GMbpo vart ikkje godkjent. Sak 033/22. Det medfører «retta avskyting» for 2022. Utvalet gjekk for avskytingsmodellen til GMbpo:

Koller 1,5 år og eldre:	Minimum 50 %
Kalv:	Minimum 25 %
Bukk 2,5 år og eldre:	Maksimum 15 %
Bukk 1,5 år:	Minimum 10 %
Bukk må ikkje overstige	25 % av uttaket

Løyva vart i hovudsak fordelt etter minsteareal. Minsteareala er nett endra for å kunne tildele mest løyver der det er mest dyr. Sak 015/22. Likevel vil nok nokre vald synest at dei har fått tildelt meir dyr, enn det er tilrådeleg å felle.

## Fellingsavgift

Det vert endringar på fellingsavgifa dette året. I sak 032/22 vedtok Utval for Plan, utvikling og klima at fellingsavgift på kalv vert sett til kr. 0 (null) og fellingsavgift på vaksen hjort vert sett til kr. 350,-

## Digitale registreringar

Mange av jegerane er no vane med å bruke «sett og skutt» appen på mobil. Dette er ein god måte å registrere både sett hjort og skotne dyr på. Kommunen ser helst at alle jegerane brukar denne appen på mobilen til registreringane. Det sparer valdansvarleg mykje arbeid. Valdansvarleg må logge inn på hjorteviltregisteret og kontrollere opplysningane for sitt vald og godkjenne desse. Når jaktdagar og vekter er godkjende og ein avsluttar jakta, er også rapporten sendt til hjorteviltregisteret og kommunen finn fellingsreslutatet der. Rettleiar finn ein på miljødirektoratet sine heimesider. Ein kan også kontakte Naturdata for hjelp med bruk av Hjorteviltregisteret. Gulen kommune vil også ta imot fellingsrapport på epost eller på papir for dei som ikkje rapporterer digitalt.

## Ettersøkshund

Jeger og jaktlag skal ha tilgang til godkjent ettersøkshund. Dette er nedfelt i § 23 i «Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst med kommentarer, instruksar og avtaler». For dei som har eigen godkjent hund eller nyttar andre ekvipasjar enn dei frå Gulen ettersøkslag, ønskjer Gulen kommune melding om dette. Meld inn lag eller namn på fører og hund, evt. idnr. hund.

## Skyteprøve

Dette året er det skyteprøve som vanleg. 30 obligatoriske prøveskot fordelt på 2 dagar. Jeger får maksimalt godkjent 15 skot per dag. Og så skot mot dyrefigur.

## Oppmoding

Med mange løyver tildelt, er det i år eit godt høve til å ta ut rekordmange kalvar. Hugs at ein kan skyte kalv for alle andre tildelte dyr. Og det er ikkje fellingsavgift på kalv.

## Jegerprøva

For å kunne jakte, må du ta jegerprøva først. Den er sett saman av ein teoretisk - og ein praktisk del.



Kurset skal sikre at alle som skal jakte på vilt i Noreg, har god kunnskap og rette haldningar med tanke på utøving av jakta. Ein får innføring i gjeldande regelverk, bruk av skytevåpen og fangstredskap, artar ein kan jakte på og human jakt.

For å kunne ta jegerprøveeksamen, må ein gjennomføre eit kurs på 30 timar. I Gulen skjer dette i eit samarbeid mellom Gulen Jeger og Fisk og Oppedal/Brekke skyttarlag.

Grunna låg interesse vert det ikkje kurs denne hausten. Men er det interesse for kurs til våren, må ein melde si interesse til Bjørn Ingvar Oppedal, mobil: 909 95 042. Gulen kommune er ansvarleg for jegerprøveeksamen for dei som ønskjer ta denne i Gulen. Jegerprøveeksamen vert arrangert i etterkant av kurset.

Spørsmål kan rettast til viltkonsulent, Gulen kommune tlf. 57782051